



## Årsplan for Skjolden barnehage 23/24

Me ynskjer ein barnehage som er kjenneteikna ved at tilsette og born vil noko og blir verdsatt for det dei kan. Hjå oss seier me: "Me vil. Me kan". Me vil få vene, me vil vera vene, oppleve magi, me vil undre oss, me vil ting i saman. Me er, vil og kan masse her og no. Og når me VIL noko, så får me det til. Og dette ligg i botn for utvikling for både barn og vaksne. Hjå oss opplev ein eit sunt, positivt, kreativt og utviklande miljø.

Dei tilsette skal:

- by på seg sjølve og sin kunnskap og kompetanse
- vera engasjerte og aktive vaksne. I organiserte og uorganiserte aktivitetar
- vera gode førebileter/vera positiv til satsingsområda våre; psykisk helse, fysisk aktivitet og inkluderande leikemiljø.
- skal vera positive, rause og leikne. Me skal dele på kunnskap og gjera kvarandre gode, både foreldre, barn og kollegaer.
- vera omsorgsfulle vaksne som skapar tryggleik for borna
- bruke varierte arbeidsmåtar for å engasjere borna
- vise respekt og vera inkluderande

### Om oss:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Barnehagelova §1)

Skjolden barnehage legg til rette for at born skal oppleve at dei vaksne bryr seg. Bryr seg om kor varm eller kald du er, kor mange fleire ord du kan sei no enn for tre månadar sidan, kva utfordringar du treng for å oppleve meistring i dei ulike fagområda, eller eit fang å sitje på for å oppleve psykisk og fysisk omsorg.

Skjolden barnehage legg til rette for at borna skal oppleve eit godt psykososialt miljø, noko som fremjar god psykisk helse.

Skjolden barnehage legg til rette for eit mangfoldig fellesskap. Me har fokus på aksept, likeverd og respekt. Annakvart år markerar me FORUT-aksjonen.

Skjolden barnehage legg til rette for eit godt språkmiljø. Eit godt språk er nøkkelen til venskap og sosiale relasjonar.

**Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. (Rammeplanen s8)**

### Satsingsområder 2023/2024:

Inkluderande leikemiljø

Psykisk og fysisk helse

Friluftsliv

Språkutvikling gjennom song

Skjolden barnehage brukar friluftsliv som ein metode i arbeidet med å nå desse måla. Me ser at verdien av å vera ute er viktig i dagens samfunn.

Å gå tur saman med vene i barnehagen og vaksne, der ein kan undre seg over ting saman, lære noko nytt, oppleve aktive vaksne, finne ut av ting saman med ein voksen og få fysiske utfordringar er kjekke og utviklande opplevingar. Desse opplevingane er òg viktig i eit helsefremjande perspektiv. Både psykisk og fysisk. Difor ynskjer me å jobbe på denne måten. Dette vil òg vera viktig i forhold til førebyggande arbeid mot mobbing.

Å førebu ein tur med å pakke sekk, erfare kva kle ein treng til ei kvar tid, å planlegge kvar ein kan gå og å kome litt "sliten" heim er òg ein viktig del av friluftsliv.

Me vil bruke songen på tur, i overgangssituasjonar og i kvardagen. Songen skapar samhald, glede og språkutvikling.

Tryggleikssirkelen er grunnmuren i arbeidet vårt med barn.

Rammeplan seier om berekraftig utvikling: Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.

**Leiken er viktig i Skjolden barnehage.** Me leikar inne, ute, på tur, i styrte leikegrupper, fri leik, utan vaksne og med vaksne. "Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandlig". (Rp, s 20)

Som rammeplanen òg seier så skal "barnehagen vera bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling", og Skjolden barnehage ser at den beste arenaen for språk er i leiken.

Barna har rett til å påverke dagen sin. Det jobbar me med i Skjolden barnehage. Det er viktig for oss at me grip fatt i det borna interesserar seg for.

Leik er òg ein av fleire komponentar som fremjar danning. "Barnehagen skal oppmuntre barna til å vera prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp:"(Rp s21)

I Skjolden barnehage har me eit psykisk helsefremjande leikemiljø som seier «kom og leik», der borna kan setje i gang, styre og strukturere leiken sin sjølv.

### COS- tryggleikssirkelen

I Skjolden barnehage er det 2 pedagogar som er sertifiserte foreldrekurshaldarar i denne metoden. Vaksenrolla er tema i personalet gjennom heile året. 1 tilsett har i tillegg kurs for COS i barnehagen.

### Vurdering

Det pedagogiske innhaldet blir jamnleg planlagt og evaluert i månadsbrev, avdelingsmøter, pedagogmøter og personalmøter jmf utviklingsplanen vår.

### Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Rammeplanen seier: "Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagen har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. FAU er eit utval av foreldre frå avdelinga. Det er jamnlege FAU-møter og det er ein viktig samarbeidspartner for barnehagen.

Barnehagen tilbyr to foreldresamtalar; ein om hausten(obligatorisk) og ein om våren(frivillig). Foreldre kan be om foreldresamtale om ein ynskjer fleire samtalar.

Overgangar til barnehage, innad på grupper i barnehagen, og til skulen kan vera overveldande for borna. Difor er det lagt vekt på at desse overgangane skal vera førebudde og gode. Me krev at foreldra set av minst 3-4 dagar for tilvenning ved oppstart i bhg for fyrste gong. Ped.leiar har ansvaret for at prosessen blir så god som mogeleg for barn og foreldre.

I prosessen overgang barnehage/skule:

- Jamnleg samarbeid gjennom året.
- Foreldra har overgangssamtale med ped.leiar
- Ped.leiar og styrar har overgangsmøte med lærar og rektor.
- Det eldste kullet er med på fellesarrangement, som turar og juleverkstad.

**Dei sju fagområda** står omtala i Rammeplanen, og skal sikre at barnehagane er innom alle fagområda i arbeidet sitt.

Rom for alle, blikk for den enkelte er visjonen vår ved Skjolden oppvekstsenter avd barnehage.